

b15g 148585

KASSANDRA

Ein komedie i tre avdelingar
av
Georg Johannesen

Til nynorsk ved Ivar Eskeland.

Musikk: Egil Kapstad.
Instruktør: Kirsten Sørli.
Dekorasjon og kostyme: Per Lekang.
Inspisient: Leiv Nybø.
Lys: Eivind Moland.
Scenemeister: Thore Bjørn Halvorsen.
Suffløse: Bjørg Valvik.
Rekvisitør: Anne Berit Walter.

Musikalsk leiing: Tor Hultin.

Dei som er med:

Kassandra	Unni Evjen
Tjukk Mann	Jack Fjeldstad
Jesus-Reidar	Birger Thurn-Paulsen
Prestane: Sang	Tom Tellefsen
Kol	Ola B. Johannessen
Fleg	Atle Merton
Mel	Torbjørn Halvorsen
Tre Bunnies	Eva Solbakken
	Britt Langlie
	Inger Heldal


I musikken: Jan Berger, gitar, Svein Christiansen, trommer, Helge Hurum, fløyte og sax, Arild Andersen, bass, Peder Gulmoen, trekkspel.

Speletid: Ca. 1½ time utan pause.

Programmet er laga av Pål Nordenborg og Peter Haars.

KASSANDRA

AV GEORG JOHANNESSEN



BIKUBEN (ABC-TEATRET)



GEORG JOHANNESSEN:

— Kristendomen har i sin eskatologi, si mytiske dogmeverd, eit hierarki bygd opp i kring diktatoren Gud. Eit slikt menneske-bilete av kosmos og dei ysteste ting blir integrert som menneskesyn

og samfunnssyn — det har skjedd iallfall sidan renesansen. Eksempel: Hitler. Han tedde seg som Gud. Slike antropomorfe projeksjonar kan førast vidare — til òg dei reine menneskelege handlingane blir ståande som kalde naturfenomen (Entfremdung). Såleis står fram det forkrøpla post-kristne menneske som trur det er fritt og godt i ei ufri og vond verd.


— Eg er ikkje mot religion i alle meiningar av ordet. Men ein slags kristendom har på mange vis ei sentral stilling i vår kultur. Han er degenerert, komisk, uverkeleg. Difor må ein dra fram dogmene og gjera dei låttelege.

— På eitt eller anna vis må ein løyse problemet med mennesket sin trong til heilskapsoppleving — eg vil ikkje nytte ordet religion. Slike løysingar vil, kan og må koma. Men dei vil koma som blomar på ruinane av kristendomen, ikkje som nye etasjar på dei kristne kyrkjene vi no har. Alle kyrkjene er no avgudstempel.

— Dei vonde får lov å vera vonde om dei berre kan vera gode innan eit lite felt. Rustningsindustrien byggjer barnehagar for dei tilsette. Diktatoren elsker hunden sin og kvinna si. Vi og amerikanarane gjev pengar til Asia, men må først tene desse pengane ved å suge ut Asia. Årsaka til dette er «godhet» som her hindrar innsyn. Skorten på innsyn er både livsangst og dødsangst samstundes. Vi eig ikkje evna til å merke det tragiske ved livet.

— Heile velferdsproblematikken vår søkjer å skilje oss frå det faktum at vi blir fødte som spedbarn og dør som skjelett.

— — —
Georg Johannesen er fødd i Bergen 1931. Han er utdanna lektor og magister i litteratur. «Kassandra» er det dramatiske debutarbeidet hans. Tidlegare har han kome med tre diktsamlingar — «Dikt 59» (1959), «Ars moriendi» (1965), «Nye dikt» (1966) — og romanen «Høst i mars» (1957).



KASSANDRA

Georg Johannesen er ein engasjert diktar. Det er eit brennande alvor og ein kompromisslaus sanningsvilje i hans febrile leiting etter mål og meining med vårt tilvere i lyset frå atombombeeksplonasjonane, — det er flengande, drepende hån i hans utfall mot alt som i hans augo er falskt, tomt og kjernelaust. Han er ein slags moderne religiøs opprørar, som vil rive katedralane og kyrkjene for å finne attende til kristendomens sanne kjerne. Kassandra er eit skrik mot mange ting i vår sivilisasjon, både mot kristen og kommunistisk dogmatikk, men kanskje mest mot den åndlause materialismen som mergstel velferdstaten, der den tjukke mannen sit framfor TV-skjermen med olflaska i neven, og har kome i Guds stad. Det er eit skrik, artikulert med fynd og klem, med krasse viser som det blenkjer knivsegg i, og med hardkokte symbol på vår moderne velferd. Han skyt med kanonar, men er da heller ikkje ute for å skyte spurv. Han veit at det i dag må sterkt skyts til for at vi skal reagere, for at den sløve angesten skal vakne i oss, som paralyserte og reaksjonslause er på veg mot avgrunnen. Dei som finn Kassandra blasfemisk, tar feil: dei dømmer midla og ser ikkje målet. Georg Johannesen hånar ikkje for å håne, når han brukar piskene både mot kremmar og skriftlærd.

TORMOD SKAGESTAD

Teatersenteret BIKUBEN

Snaue to månader etter starten er medlemstalet i Bikuben over 1200. Og vi kan sjå tilbake på ei manggreint verksemd: I tida 12. september til midten av november har Bikuben avvikla vel 80 arrangement (15 rundebordebattar, 10 foredrag, 6 opplesingskveldar, 21 samtalar mellom forfattarar, skodespelarar og publikum og 30 kveldar med jazz).

Noko av det mest vellukka og verdfulle — sett frå vår synsstad — har vore samtalanene med publikum oppe på balkongen. Vi trur at ein slik utvida kontakt med publikum kan verka som ei vitaminsprøyte på norsk dramatik og norsk teater.

Som medlem i Bikuben kjem De inn på framsyningane til halv pris (kr. 4,—, 5,— og 6,—) og i dei hyggelege kjellerlokala etterpå til kr. 1,—. Senteret er ope kvar kveld (ikkje sundag). Medlemskortet kostar kr. 5,— pr. halvår, og ein kan kjøpe eller tinge det på kontoret vårt. Telefonen er 20 02 44.

Vi ynskjer Dykk vel møtt til Teatersenteret Bikuben på St. Olavs plass!